

## Kva skjer med **barna** i Nav?

Nav-reforma har ført med seg mykje nytt. Ei nyheit er formålsparagrafen om sosiale tenester i Nav. Omsynet til utsette barn og unge er viktig her. Men kva skjer i praksis?

Våren 2011 gjennomførte Fylkesmannen i Buskerud systemrevisjon med Drammen kommune ved Nav Drammen. Temaet var tilbodet om økonomisk sosialhjelp frå kommunen til familiar med barn og unge.

Vi fann blant anna at foreldre som oppsøkte kontoret med ein sosialhjelp-søknad, sjeldan blei spurde om kva barna hadde behov for. Foreldre blei heller ikkje informerte systematisk om høva til å søkje om sosialhjelp for å dekkje dei behova barna har for å ta del i sosiale samanhengar.

Vi gjorde to viktige val da vi planla tilsynet. Det første gjaldt kva barnefamiliar tilsynet skulle gjelde. I det norske samfunnet handlar sårbarheita til barn som har foreldre med låg inntekt, ofte om at dei ikkje har høve til å gjere det same som «alle andre». Barn og unge i skolealder er meir sårbare for relativ fattigdom enn dei yngre. Tilsynet blei avgrensa til å handle om denne gruppa.

Det andre valet gjaldt føreundersøkingar. Før tilsynsbesøket intervjuja vi instansar i lokalmiljøet som vi visste hadde kontakt med brukargruppa: dei lokale avdelingane av Frelsesarmeen og Kirkens Bymisjon og Senter for oppvekst, som kommunen sjølv driv. Informasjonen herfrå gav nyttig hjelp til å stille spørsmål under tilsynsbesøket.

Tilsynet peika på to avvik. Det eine avviket gjaldt mangelfull sikring av at saksbehandlinga skulle vere i tråd med lovverket. Det andre gjaldt mangelfull sikring av teieplikta.